



Utval: Formannskap
Møtestad: Hamaren, Fyresdal Næringshage
Dato: 23.01.2019
Tid: 08:30 – 11:15

Fylgjande medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP

Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ellen Elisabeth Gasmann	Tone Irgens Veum	SP
Øyvind Kile	Anne Serine Nærum	AP

Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	Rådmann
Une Marit Aarbakk Tangen	Ass. Rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
1/19 – 5/19

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 1/19	Referatsaker
PS 2/19	Debatthefte - KS spør 2019
PS 3/19	Fordeling av budsjettramme - avdeling fellestenester
PS 4/19	Fordeling av budsjettramme - Rådmannen sitt ansvar
PS 5/19	Oppretting av aksjeselskap der omstillingsprogrammet blir flytta til med tilhøyrande vurdering om meir av kommunens næringsarbeid skal flyttast over i nytt selskap.

Fyresdal 16. januar 2019

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 1/19 Referatsaker

RS 1/19 Orientering frå administrasjonen

RS 2/19 Økonomigjennomgang

I møtet:

- Spørsmål frå Sparebanken Sør om Fyresdal kommune er interessert i å kjøpe bankbygget i sentrum.
 - Formannskapet ser at tomta kan vere interessant men ynskjer ikkje å gå i dialog om kjøp på nåverande tidspunkt.
- Fyresdal får besøk av Fylkesmannen i Vestfold Telemark 30. januar 2019.
 - Ordføraren, Olav Gisle Noraberg og Kjell Sverre Thoresen frå formannskapet deltek på møte.
 - Rådmannen har laga ei liste over aktuelle saker som ein ynskjer å ta opp med Fylkesmannen. Denne vert sendt over til Fylkesmannen slik at dei kan vere forberedt.
- Orientering frå administrasjonen:
 - Legesituasjonen
 - Tannlegesituasjonen
 - Forslag til høyringsuttale på vilkårsrevisjonen av Finndølavassdraget.

PS 2/19 Debatthefte - KS spør 2019

Innstilling frå rådmannen:

Saka vert lagt ut utan innstilling.

Handsaming i Formannskap - 23.01.2019

Samrøystes for forslaga frå administrasjonen med noko justeringar.

Vedtak i Formannskap - 23.01.2019

- 1. Hvordan kan KS best være en utviklingspartner for medlemmene på digitaliseringsområdet?*

KS bør invitere små og store kommunar i dei nye regionane saman med fylkeskommune/fylkesmann å drive digitaliserings-/innovasjonsprogram, jfr. modell frå Hordaland og Rogaland.
- 2. Bør KS gis et mer formelt mandat på vegne av sine medlemmer på digitaliseringsområdet? Hvilke områder er aktuelle og hvilke forutsetninger må en slik rolle hvile på?*

Ja, om det blir eit fellesprosjekt. Dei aller fleste område i fyrste omgang. Viktig at KS arbeider med standardisering av søknader, skjema etc.
KS bør ha fokus på standardisering av programvare slik at program «snakkar saman».
- 3. Bør lønnsmidlene som er til disposisjon ved mellomoppgjøret 2019 fordeles i hovedsak sentralt eller lokalt? Dersom sentrale tillegg – hvilke stillingsgrupper bør prioriteres?*

Lønsmidlar som er til disposisjon ved mellomoppgjeret 2019 bør fordelast sentralt. Små kommunar brukar mykje tid og ressursar på ein liten pott som skal fordelast på mange. Mellomleiarnivået og sjukepleiar/helsefagarbeidar bør prioriterast.
- 4. Deler kommunen/fylkeskommunen KS' vurdering av at det ikke er behov for vesentlige endringer i Hovedavtalen når den skal forhandles i 2019?*

Ja.
- 5. Hva vil være de gode virkemidlene for læring og kompetanseutvikling i tjenestene framover?*

Vidareutdanning med løn for alle som gjer dette med krav til kompetanseheving, KS læring og utvikling/gjennomføring av webinar.
- 6. Er det tjenesteområder i dag hvor det er for stor ulikhet i og mellom kommuner/fylkeskommuner? I tilfelle hvilke?*

Krav til kommunane om høgare kompetansekrav kan auke denne skilnaden. Eksempel på dette er lærarreform og fastlegeordningen.

7. *Hvordan kan kommunene/fylkeskommunene selv og KS redusere uønsket variasjon?*

Sentrale føringar, men det er forskjell på liten og stor kommune, alt kan ikkje vere likt. Må ver lov å prioritere ulikt så sant ein held krav til nasjonal minimumsstandard.

PS 3/19 Fordeling av budsjetttramme - avdeling fellestenester

Innstilling frå rådmannen:

Nettorammer avdeling fellestenester for 2019 blir:

		Budsjett 2019
111* Politiske utval	Lønsutgifter	1 871 000
	Driftsutgifter	1 135 000
	Inntekter	15 000
	Netto	2 991 000
1121 Fellestenesta	Lønsutgifter	7 840 000
1122 Edb	Driftsutgifter	6 586 000
1123 Andre fellestenester	Inntekter	852 000
	Netto	13 574 000
	Sum	16 565 000

Handsaming i Formannskap - 23.01.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 23.01.2019

Nettorammer avdeling fellestenester for 2019 blir:

		Budsjett 2019
111* Politiske utval	Lønsutgifter	1 871 000
	Driftsutgifter	1 135 000
	Inntekter	15 000
	Netto	2 991 000
1121 Fellestenesta	Lønsutgifter	7 840 000
1122 Edb	Driftsutgifter	6 586 000
1123 Andre fellestenester	Inntekter	852 000
	Netto	13 574 000
	Sum	16 565 000

PS 4/19 Fordeling av budsjettramme - Rådmannen sitt ansvar

Innstilling frå rådmannen:

Fordeling av budsjettramme for rådmannen sitt ansvar 2019:

		Budsjett 2019
110* Sysselsetting/rekrutering	Lønsutgifter	468 000
	Driftsutgifter	1 181 000
	Inntekter	-420 000
	Netto	1 229 000
112* Disp.pott/premieavvik	Lønsutgifter	-630 000
	Driftsutgifter	200 000
	Netto	-430 000
121* Sosial/barnevern/intergrering	Lønsutgifter	986 000
	Driftsutgifter	9 841 000
	Inntekter	-4 398 000
	Netto	6 429 000
128* Ped kons/logoped	Lønsutgifter	1 018 000
	Driftsutgifter	64 000
	Inntekter	-350 000
	Netto	732 000
	SUM	7 960 000

Handsaming i Formannskap - 23.01.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 23.01.2019

Fordeling av budsjettramme for rådmannen sitt ansvar 2019:

		Budsjett 2019
110* Sysselsetting/rekrutering	Lønsutgifter	468 000
	Driftsutgifter	1 181 000
	Inntekter	-420 000
	Netto	1 229 000
112* Disp.pott/premieavvik	Lønsutgifter	-630 000
	Driftsutgifter	200 000
	Netto	-430 000
121* Sosial/barnevern/intergrering	Lønsutgifter	986 000
	Driftsutgifter	9 841 000
	Inntekter	-4 398 000
	Netto	6 429 000
128* Ped kons/logoped	Lønsutgifter	1 018 000
	Driftsutgifter	64 000
	Inntekter	-350 000
	Netto	732 000

	SUM	7 960 000

PS 5/19 Oppretting av aksjeselskap der omstillingsprogrammet blir flytta til med tilhøyrande vurdering om meir av kommunens næringsarbeid skal flyttast over i nytt selskap.

Innstilling frå rådmannen:

- Fyresdal kommunale næringssselskap AS etablerast. Etableringskostnadane, aksjekapital, drift av selskapet etc. dekkast av det kommunale næringsfondet.
- Fyresdal kommunale næringssselskap AS etablerast som eit heileigd kommunalt selskap eigd av Fyresdal kommune aleine.
- Fyresdal kommunestyre utgjer generalforsamling i Fyresdal kommunale Næringssselskap AS.
- Fyresdal kommune sitt formannskap utgjer styret i Fyresdal kommunale næringssselskap AS.
- Programleiaren for omstillingskommuneprosjektet rapporterer skriftleg til kommunestyret kvartalsvis og det leggst fram revidert omstillingsprogram som sak ein gong i året for godkjenning i kommunestyret. Kommunestyret kan be om at programleiar møter i kommunestyret for å orientere om og svare på spørsmål om utviklingsprogrammet.
- Styresamansetningen i omstillingsstyret blir som før lagt til kommunestyret å avgjere, minst ein gong kvar valperiode eller når generalforsamlinga krev det. Ordføraren og to andre medlemar frå formannskapet, derav ein frå opposisjonen er faste medlemar av omstillingsstyret. Dette i tillegg til kommunestyret sitt val av ein representant frå landbruksnæringa og to frå næringslivet elles i kommunen. Innovasjon Norge, fylkeskommunen og rådmannen har som før observatørstatus i styret. Ordføraren er leiar av omstillingsprogrammet.
- Det innarbeidast eit skilje mellom styret for omstillingsprogrammet og styret for Fyresdal kommunale Næringssselskap AS der økonomien er skilt klart frå kvarandre. All bruk av offentlege midlar skal vere sporbare.
- Næringsfondet med tilhøyrande oppgåver som tidlegare var løyst av næringsssjefen overførast til Fyresdal kommunale næringssselskap AS.
- Møteinnkalling og referat frå styremøta i Fyresdal kommunale Næringssselskap AS og omstillingsstyret gjerast offentleg tilgjengelege.
- Vedtekter, evt. aksjonæravtale for Fyresdal kommunale næringssselskap AS utarbeidast av kommunen sin advokat og tilpassast kommunestyret sitt vedtak i saka. Selskapet etablerast så fort som mogeleg og selskapet sine vedtekter godkjennast av kommunestyret så snart dei ligg føre.

Handsaming i Formannskap - 23.01.2019

Framlegg frå ordføraren:

Formannskapet bed rådmannen legge fram ei utgreiing om å opprette eit kommunalt foretak(KF) som alternativ til oppretting av aksjeselskap før saka handsamast i kommunestyret. Formannskapet ynskjer ikkje at næringsfondet/næringsarbeidet skal flyttast ut av kommunen.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå ordføraren.

Vedtak i Formannskap - 23.01.2019

Formannskapet bed rådmannen legge fram ei utgreiing om å opprette eit kommunalt foretak(KF) som alternativ til oppretting av akjeselskap før saka handsamast i kommunestyret. Formannskapet ynskjer ikkje at næringsfondet/næringsarbeidet skal flyttast ut av kommunen.